



**Seljord kommune**

**MOTTATT**

**22 JUNI 2011**

Det Kongelige Finansdepartement  
Postboks 8008 Dep  
0030 OSLO

## MELDING OM VEDTAK

Dvkkar ref:

Vår ref  
2011/402-5

Sakshand:  
Per Dehli, 35065103  
per.dehli@seljord.kommune.no

Arkivkode:  
232

Dato:  
17.06.2011

### Høring om eideomsskatten for kraftverk

Seljord kommune visar til høyringsbrev frå Finansdepartementet om eideomsskatt på kraftverk. Her følgjer særutskrift av kommunestyret si sak nr. 20/11 som eit svar på høyringsbrevet.

Med helsing

Per Dehli  
Rådmann

Kopi til:

~~LVK~~ Postboks 1148, Sentrum 0104 OSLO



**Seljord kommune**

Arkiv: 232  
 Saksnr.: 2011/402-4  
 Sakshand.: Per Dehli  
 Direkte tlf.: 35065103  
 Dato: 07.05.2011

### Saksframlegg

Utval	Utvalssak	Møtedato
Formannskap/økonomiutval	25/11	19.05.2011
Kommunestyret	20/11	16.06.2011

## Høyring om eigedomsskatten for kraftverk

### Saksdokument:

Vedlegg:

- 1 Høyringsnotat om eigedomsskatten på kraftverk

### Saksutgreiing:

I kommunestyremøte 10. mars 2011 vedtok Seljord kommune ein høyringsuttale om maksimums- og minimumsreglane for eigedomsskatt på kraftverk med bakgrunn i dei opplysningane Finansdepartementet har gitt i Stortingsproposisjon nr. 1 LS (2010-2011). Finansdepartementet har svara Seljord kommune i brev av 11. april 2011 der departementet har merka seg utala frå Seljord kommune og visar til at det arbeidast med eit høyringsbrev. Departementet vil presentere saka i statsbudsjettet 2012 etter ei vurdering av høyringsinnspela.

Finansdepartementet har no lagt fram eit høyringsnotat (vedlegg 1) og ber om innspel innan 15. juni 2011.

I høyringsnotatet punkt 5 legger departementet fram vurderingar og forslag.

Departementet legg vekt på at ei eventuell oppheving av maksimums- og minimumsreglane vil ha store fordelingsmessige verknader. Det visast til statens tap av skatteinntekter (provenytap) og vertskommunanes auke i inntekter. I tillegg legg departementet vekt på at maksimumsregelen verkar som ein positivt faktor når det gjeld investeringsvurderingar, og som ein motvekt til negative faktorar som konsesjonskraft, konsesjonsavgift og eigedomsskatt.

I departementet sitt forslag leggest det opp til at maksimums- og minimumsreglane skal etablere ein korridor for eigedomsskatt på kraftverk som kan justerast i komande år. Ei slik løysing vil etter departementets vurdering redusere dei fordelingsmessige verknadene samtidig som vertskommunane vil få ein større del av inntektsauken i kraftsektoren. Departementet vil kome tilbake til omfanget av justeringane i budsjett for 2012.

Seljord kommune merkar seg Finansdepartementet sine argument i saka men vurderar desse som ein konsekvens av at minimums- og spesielt maksimumsreglane er innført. Dersom prinsippet i skattelova om reell marknadsverdi hadde vært lagt til grunn tidlegare ville vi ikkje stått i ein situasjon der ein oppheving ville ført med seg akutte fordelingsmessige konsekvensar.

Seljord kommune merkar seg Finansdepartementet sitt argument om at ein oppheving av maksimumsregelen er ein omfordeling av midlar frå staten til nokre få kommunar. Finansdepartementet visar også til at eit fåtal "rike" kommunar vil få svært høge ekstraintekter. Seljord kommune er ein av fleire kommunar som ikkje har høge inntekter og som strevar med å halde ein balanse mellom inntekter og tenesteproduksjon. Ein fjerning av maksimumsregelen gir helle ikkje nye store inntekter til Seljord kommune, men ein svak styrking av inntektene slik at tenesteproduksjonen kan haldast på eit forsvarleg nivå. Dersom Finansdepartementet ynskjer å utlikne inntektsskilnaden mellom "rike" og "fattige" kommunar så bør dette gjerast med andre mekanismar enn maksimumsregelen for eigedomsskatt på kraftverk.

Seljord kommune opprettheld derfor sitt vedtak frå møte i kommunestyret 10. mars 2011 om at maksimums- og minimumsreglane må fjernast.

I tillegg til maksimums- og minimumsreglane for eigedomsskatt ynskjer departementet synspunkt på heving av risikotillegget for kapitaliseringsrenta for verdsetting av kraftverk. Bakgrunnen for dette er eit innspel frå Energi Noreg, der det først argumenter for at denne risikorenta skal høgast, noko som vil føre til at verdsettinga av kraftverk blir lågare med tilsvarande lågare eigedomsskattegrunnlag.

Seljord kommune er ein liten kommune som ikkje har spesialisera seg på utgreiingar om størrelsen på risikorente eller risikofri rente, som også er ein viktig faktor når marknadsverdien og skattegrunnlaget skal fastsettast. I slike vurderingar må kommunen støtte seg på medlemskapen i LVK og nytte deira ekspertise. Seljord kommune har merka seg innspelet frå Energi Noreg og vil understreke at det kan verke som om dei argumenterar for eit høgt risikotillegg for å kompensere for tap ved ein eventuell fjerning av maksimumsregelen. Seljord kommune er opptatt av at risikotillegget fastsettes på ein måte som i så stor grad som mogleg representerar den verkelege situasjonen og støttar LVK sine vurderingar i denne saka.

#### **Rådmannen si tilråding:**

Rådmannen rår formannskapet til å fatte fylgjande vedtak:

"Seljord kommune har motteke høyringsnotat frå Finansdepartementet. Med unntak av ein vurdering av risikotillegget for kapitaliseringsrenta for vedsetting av kraftverk kjem det ikkje fram moment utover det Seljord kommune allereie har gitt kommentarar på i

vårt tidlegare brev til Finansdepartementet. Seljord kommune opprettheld difor sitt opphavlege innspel til departementet i denne saka. Når det gjeld risikotillegget for kapitaliseringsrenta for verdsetting av kraftverk så har ikkje kommunen utgreia dette, men støttar seg på dei vurderingane som blir gjort av LVK. Seljord kommune vil påpeke faren for at denne renta ikkje blir vurdert objektivt og nytta som eit virkemiddel for å kompensere for ei fjerning av maksimumsregelen.”

#### **Handsaming i Formannskap/økonomiutval - 19.05.2011**

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

#### **Vedtak i Formannskap/økonomiutval - 19.05.2011**

”Seljord kommune har motteke høyringsnotat frå Finansdepartementet. Med unntak av ein vurdering av risikotillegget for kapitaliseringsrenta for verdsetting av kraftverk kjem det ikkje fram moment utover det Seljord kommune allereie har gitt kommentarar på i vårt tidlegare brev til Finansdepartementet. Seljord kommune opprettheld difor sitt opphavlege innspel til departementet i denne saka. Når det gjeld risikotillegget for kapitaliseringsrenta for verdsetting av kraftverk så har ikkje kommunen utgreia dette, men støttar seg på dei vurderingane som blir gjort av LVK. Seljord kommune vil påpeke faren for at denne renta ikkje blir vurdert objektivt og nytta som eit virkemiddel for å kompensere for ei fjerning av maksimumsregelen.”

Utskrift til:

Finansdepartementet, postboks 8008 Dep, 0030 Oslo  
LVK, postboks 1148 Sentrum, 0104 Oslo